

Søknad

Søknadsnr.	2015-0206	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Regionale utviklingsprosjekt Hordaland			
Prosjektnavn	Visningscenter for Bjørn West museum og Stølsheimen			

Kort beskrivelse

Kombinert museumsbygg for Bjørn West og visningscenter for Stølsheimen landskapsvernområde. Lokalisert til Matre i Masfjorden like inntil E39.

Total kostnad 15. millioner. Grunnflate 400 m2.

Prosjektbeskrivelse

Prosjektet handlar om å få opp eit kombinert visningscenter for Bjørn West museet og for landskapsvernområdet Stølsheimen med omkringliggjande fjellområde i kommunane Høyanger, Modalen, Vik, Voss og Masfjorden.

Masfjorden kommune har i samarbeid med næringsliv og lokalsamfunnet på Matre ved E39 opparbeidd og lagt til rette for næringstomter, sykkelbane, klatring, park og næringspark. Området er i ein godkjent reguleringsplan sett av til byggjeføremål. Kommunen eig mykje av arealet, og naudsynt infrastruktur er etablert (veg, vatn, avlaup, straum m.m.)

Her ønskjer kommunen å etablera eit opplevingscenter for Stølsheimen og eit nytt utstillingsvindaug for Bjørn West museet. Målet med eit slikt senter er å skapa ein stad å formidla natur, kultur og historie om fjellområdet Stølsheimen, og formidla kunnskap om dei historiske hendingane som er knytt til den tyske okkupasjonen av Norge, og motstandskampen som skjedde i Hordaland og på Vestlandet. Me ser at den historiske plassinga på Matre, i kombinasjon med nærleik til E39, samt nærleik til store kraftstasjonar eigd av BKK, og ein stor havforskningsstasjon gjer området attraktivt. Arealet er synleg både frå E39 og frå fylkesvegen opp til Stordalen, som går over til Bjordal i Sogn og Fjordane. Staden er difor ein strategisk stad for å byggja opp eit nytt utstillingsvindaug for kultur og kunnskapsformidling. Dette bør og vera i tråd med fylkeskommunen sine ønskje om ein sektorovergripande kulturpolitikk der ein koplar kunnskap, forskning og kulturutvikling saman. Nærleiken til Stølsheimen gjer det samstundes naturleg å leggje vekt på idrett og friluftsliv. Stølsheimen opnar òg for samarbeid utover fylkesgrensene og er slik ei viktig regional satsing.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Masfjorden kommune Org.nr:945627913	Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES	-
Kontakt- person	Sveinung Toft	Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES	40924790
Prosjekt- leder	Sveinung Toft	Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES	40924790

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Museum Vest og Bjørn West museet og Masfjorden kommune arbeider med ei konsolidering av Bjørn West museet inn i Museum Vest. Det er gjort eit forarbeid med å planleggja eit nytt bygg for Bjørn West museet. I samband med dette vert det vurdert å knytta museet til eit visningsenter for Stølsheimen i eit nytt fellesbygg på Matre ved E39.

Byggjet skal innehalda ulike tilbod:

- A. Bjørn West: "Krig og fred / aktiv og passiv motstand / Demokrati og menneskerettar" – Før og no
- B. Oppdrett og forskning – frå vekst til dyrevelferd
- C. Energiproduksjon – Frå industribygging til klimautfordring / frå fossilt til fornybart
- D. Trodalsamlinga: Frå istid til notid – busetting og livsgrunnlag basert på geologi, naturforming og lokale ressursar
- E. Stølsheimen landskapsvernområde, utstilling som viser spanande element og korleis dette fjellområdet vert nytta i dag, og kva kvalitetar det har innanfor naturmangfald, miljø og landskap, samt kulturmiljø.

Fleire av desse tema kan knyttast til framtida sine utfordringar knytt til kultur, fred, demokrati, bærekraftig utvikling og klima. Saman med attraktive aktivitetar i Masfjorden og i regionen rundt, vil senteret kunne verta ein attraktiv stoppeplass for turistar, og vera grunnlag for næringsetablering både innan servering, lokalt reiseliv og for kunnskapsbaserte næringar.

Eit slikt visningssenter kan få sambruk av areal som kan nyttast til møte/konferanse osv.

Eit visningssenter på Matre vil liggja inn til kystvegen mellom Bergen og Ålesund, og vil kunna få betydning for reiselivssatsinga som skjer i Nordhordland og mot Sognefjorden, samt vera ein inngangsbillett til både landskapsvernområdet Stølsheimen og til kulturhistoria i regionen.

Prosjekt mål

Få bygd opp eit fellesbygg for Bjørn West museet, og eit opplevings- og visningssenter for Stølsheimen landskapsvernområde med omkringliggjande fjellområde. Få på plass eit opplevingsenter som viser fjord- og fjellregionen i fortid og i framtid, og etablera ein kunnskapsarena for skular, reiseliv, næringsliv, samt eit senter til glede og opplevnad for alle som er interessert i historie, natur og kultur. Prosjektet kan ta utgangspunkt i eit flott kontorbygg som vart bygd av BKK i 2013.

Innhald

Naturressursane som har forma samfunnet, og livet i fjellet.:

Istid og landforming

Stølsheimen si historie

Turistforeninga sine hytter

Stølsdrift – landbruk

Fjellgardar - Kringlebotn, Stordalen

Turisme ved fjord og fjell

Sandressursar

Industrialiseringa fra 1906

Matre Hotell

Vasskraft – BKK, gardskraftverk, Hummelfossen

Fisk – Havforskning

Kunnskap

Buldring – klatring – laksefiske - sykling

Opplevingsnæringar

Bjørn West Museet med krigshistorie m.v.

Samarbeidspartar

Masfjorden Kommune

Bjørn West Museet/ Museum Vest

BKK

Havforskningsinstituttet

Bergen og Hordaland Turlag

Forankring

Dette prosjektet er forankra i Masfjorden kommune og i Bjørn West museet, samt Museum Vest.

Det er enno ikkje gjort nokre formelle vedtak.

Prosjektorganisering

Masfjorden kommune vert prosjekteigar.

Viktige medspelarar vert Museum Vest og Bjørn West museet.

Samarbeidspartnere

Aktuelle samarbeidspartnere er :

BKK

Havforskninga

Statlege/ regionale etatar innanfor miljø opplæring m.v.

Aktiviteter

Leggje til rette for informasjon og utstillingar og formidling direkte knytt til Bjørn West museet og Museum Vest, samt bruken av Stølsheimen og fjordlandskapet rundt:

– Sykkeldestinasjon. Sykkelkart, sykkelpakker for regionen.

- Vandredestinasjon, oversikt over turmål og interessante kulturmiljø- og naturkvalitetar, biologisk mangfald i regionen.

Læringsarena med utstillingar knytt til miljøvenleg energiproduksjon (vasskraft) og for viktige marine ne næringar, jf. Havforskningsinstituttet si avdeling på Matre.

- Læringsarena med utstillinger knytt til krigshistorie og Bjørn West historia i regionen.

Filmvisningar knytt til lokale tradisjonar og handverk i regionen, samt om nye næringar som er viktige for regionen i dag.

Filmvisningar om 2. verdskrigen og hendingar knytt til Bjørn West historia.

Formidling av krigshistorie, menneskerettar og folkerett m.v, jf. nærleiken til Gulatinget.

Laga til gode læringsarenaer for born, skuleelevar og studentar innanfor historie, geografi, naturfag og m.v.

- Matbit, gjerne med lokal mat og tradisjonsrettar frå regionen.

Målgrupper

Skular

Reiselivet

Turistar

Universitetet og høgskular

Andre grupper på bussreiser t.d. pensjonistlag, tematurer, bedrifter med vidare.

Resultat

Nytt moderne bygg for museet og visningssenter for landskapsvernområdet Stølsheimen med omkringliggjande fjellområder og fjordlandskap.

Aktivitetar knytt til utstillingar, filmvisningar og andre pedagogiske plattformer med eit fagleg nivå som gjer det interessant å besøka senteret for mange ulike grupper som søker kunnskap og aktivitetar.

Effekter

Styrke reiselivet, gje eit pedagogisk tilbod, få ein kulturell møteplass, og etablera eit folkeleg utstillingsvindaue for BKK og Havforskninga på Matre.

Styrke regionen som reiselivsmål og gje nye tilbod til skular, høgskular, samt få fleire til å bruke Stølsheimen landskapsvernområde med omkringliggjande fjellområde.

Styrka folkehelsa i regionen ved å utvikle nye aktivitetstilbod for nye grupper i regionen inkludert Bergensområdet.

Auke forståinga for den indre delen av Nordhordland, og auka bruken av fjellområda her.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Forprosjekt hausten 2016

Finansiering hausten 2016

Byggjestart 01.08. 2017

Ferdig bygg 01.08.2018

Drift 01.01.2019

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Bygging			5 000 000	7 000 000		12 000 000
Forprosjekt		300 000				300 000
Innreiing m.v.				2 200 000		2 200 000
Prosjektering		500 000				500 000
Sum kostnad		800 000	5 000 000	9 200 000		15 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Regionale utviklingsprosjekt Hordaland		1 000 000	4 000 000	5 000 000		10 000 000
Tilskot Masfjorden kommune og partnarar			2 500 000	2 500 000		5 000 000
Sum finansiering		1 000 000	6 500 000	7 500 000		15 000 000

Geografi

1266-Masfjorden

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Bjørn West rapport av 28. januar 2015.pdf	11 994 695	02.10.2015